

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-080  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Valnemnda	09.06.2021
089/21	Alver kommunestyre	24.06.2021

### **Søknad om fritak frå politiske verv**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

#### **Valnemnda 09.06.2021:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

##### **VALN- 010/21 Vedtak:**

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

#### **Alver kommunestyre 24.06.2021:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå valnemnda vart vedteke mot 2 røyster (E.Nævdal-uavh. og A.Nordlund-SV)

##### **KO- 089/21 Vedtak:**

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Sandra Blommedal har i e-post, datert 5.4.21, søkt fritak frå alle politiske verv:

Ved kommunevalget i september 2019 ble undertegnede valgt som 4.vara til kommunestyret i Alver kommune for listen " Folkeaksjonen nei til mer bompenger" ( FNB ).

Jeg søker herved om fritak fra alle politiske verv ihht. valgresultatet. Begrunnelsen for dette er min familiesituasjon hvor vi begge to blir innkalt samtidig (Erlend Nævdal). Dette gjør situasjonen svært vanskelig siden det som regel er vanskelig med barnepass. Jeg har derfor måttet takke nei svært mange ganger og føler for at dette ikke bli riktig.

Med ønske om et positivt resultat på søknaden.

Skulle noe være uklart, eller ved behov for supplerende opplysninger, vennligst ta kontakt med undertegnede.

Med vennlig hilsen  
Sandra Blommedal

### Vurdering

Lova seier at en person kan søke seg friteke frå vervet, midlertidig eller for resten av valperioden.

Kommunestyret skal legge vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent før den folkevalgte samtykka i å verte vald. Administrasjonen er ikkje kjend med at det er moment som gjer at dette argument kan gjerast gjeldande.

I Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland er det under bokstav B. vist at trøng for naudsynt barnepass vert dekka. (Inntil kr 750,- per møte/dag for legetimerte krav).

I rundskriv H-4/19 går det fram at kommunestyret KAN velje settemedlem ved fråver på meir enn tre månader. Rådmannen meinat det ikkje er naudsynt å velje settemedlem, av di det etter lova ikkje er grunnlag for fritak.

### Frå rundskriv om konstituerande møte (H-4/19):

#### 9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem.

Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak.

Kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

### Kommuneloven:

#### § 7-9.Uttreden og fritak

.....Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over

#### § 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemer følges.

### Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland:

#### § 2.Rett til dekking av utgifter og økonomisk tap

Den som har tillitsverv i Alver kommune, har rett på:

- b. Dekking av utgifter som følge av vervet, også utgifter til naudsynt barnepass og andre omsorgsoppgåver man i samband med vervet sjølv kan utføre.

*Krav skal settast fram for kommunen så raskt som mogeleg og seinast innan 90 dagar etter at kravet oppstod.  
Krav skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikke kan dokumenterast, dekkes berre  
dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på anna måte.*

**Sandra Blommedal - Medlem UAVH, har fylgjande verv i Alver kommune:**

Varamedlem i:

- Kommunestyret (3.vara)
- Utval for areal, plan og miljø (4.vara for Uavh. (FNB))
- SU Marihøna Barnehage (vara for medlem Ståle Hopland)